

# LOV OG EVANGELIUM

Gitt ut av Norsk Luthersk Lekmannsmisjon

Nr. 9

15. november 1983

19. årgang

## *Jesus har satt deg stevne*

*Av Øivind Andersen*

I Matteus kap. 28, 16-20 leser vi i Jesu navn: Men de elleve disiplene drog til Galilea til det fjellet hvor Jesus hadde satt dem stevne. Og da de så ham, tilbad de ham; men noen tvilte. Og Jesus trådte fråm, talte til dem og sa: Mig er gitt all makt i himmel og på jord; gå derfor ut og gjør alle folkeslag til disipler, idet I døper dem til Faderens og Sønnens og den Hellige Ånds navn, og lærer dem å holde alt det jeg har befalt eder. Og se, jeg er med eder alle dager inntil verdens ende. Amen.

Før Jesus gikk til å lide og dø, avtalte han med sine disipler at de skulle møte ham i Galilea etter at han har stått opp igjen fra de døde. Det er en underlig avtale. Vi skjønner at Jesus ønsket å møte disiplene på et sted hvor han pleidde å møte dem, på et sted hvor han pleidde å undervise dem, og et sted hvor de pleidde å samles når serskilt viktige ting sto fore.

Da Jesus hadde stått opp av graven, var det to engler som møtte kvinnene og sa til dem: Si til hans disipler, dra til Galilea og der skal

dere møte meg. Peter fikk en ganske spesiell hilsen forresten. Og så hører vi da at disiplene drog til Galilea til det fjell hvor Jesus hadde satt dem stevne. Det lønner seg å møte opp der hvor Jesus setter oss stevne, og der er noen steder der Jesus har satt oss stevne, og det er spørsmål om du og jeg møter opp der.

Jesus har satt oss stevne i sitt ord. Han har sagt at han kommer til oss personlig i sitt ord. Han har for eksempel sagt: De ord jeg har talt til eder er Ånd og er liv, og Guds ord gjør det jo klart for oss at den som kommer til ordet kommer til Jesus. Den som hører ordet hører Jesus, og den som tar imot ordet tar imot Jesus. Møter du opp der hvor Jesus har satt deg stevne? Jesus har også sagt at vi skal gå inn i vårt lønkammer og tale ut med han i vårt lønkammer. Vår himmelske Far er der, sier Jesus, Han er i løndom, han hører i løndom og lønner i det åpenbare. Bruker du ditt lønkammer? Møter du opp der Jesus har satt deg stevne? I Salme 62,9 sies

det: Sett eders lit til Ham til enhver tid; I folk; Utøs eders hjerter for hans åsyn; Du skal få utøse ditt hjerte der, og du skal få tale ut med Jesus om alle ting.

Jesus har også satt oss stevne der hvor hans folk kommer sammen. Over alt der mitt ord kommes ihu der er jeg selv til stede for å velsigne, sier han. Og det gjør han i forsamlinger av enhver art der hans navn kommes ihu. Men der er *en* flokk, der Jesus på en serskild måte har knyttet sitt nærver til, og det er der hvor to eller tre kommer sammen. Dere har han satt et serskilt stevne, og sier: Hvor to eller tre kommer sammen i mitt navn, der er jeg mitt iblant. Det løfte kan ikke uten videre overføres på en stor forsamling, for Jesus vil si oss noe ganske spesielt der to eller tre kommer sammen i hans navn. Benytter du deg av det løfte? eller må jeg spørre deg i Jesu navn: Møter du opp der? hvor Jesus har satt deg stevne. Det er *der* du møter ham.

Jesus møtte sine på fjellet i Galilea, og da de så ham, tilba de ham. Det gjorde de alle sammen, men noen av dem twilte, står det. Det måtte være som det står i Johannesevangeliet: De kunne ikke tro for bare glæde, det er så stort, det er så ufattelig, dere sto Jesus, der var han lys levende, kunne det virkelig være sant? Men de tilba ham.

Der er det Jesus trer frem og sier: Mig er gitt all makt i himmel og på jord, gå derfor ut og utøv en disippels gjerning blant

alle folkeslag. Det betyr det egentlig etter grunnteksten. Vi er vant til å kalle dette for misjonsbefalingen, og det er naturligvis ikke galt på noen måte. Men hvis noen tror at alt som heter misjon grunner seg på den befalingen, da tror jeg de har misforstått saken. Det er underlig å se at alt som taler om misjon i Bibelen ikke viser til misjonsbefalingen en eneste gang. Er ikke det merkelig?

En mann som apostelen Paulus taler meget om misjon, han taler meget om misjon til hedningene, men ikke en eneste gang refererer han til misjonsbefalingen. Hva kommer det av? Det kommer av at det å drive misjon, det hører med til det å være en kristen, og det hører med til selve evangeliets art, at den som har fått se frelsen i evangeliet, han *med* bringe den videre. En kan ikke være en kristen uten å gjøre noe for at evangeliet skal komme til dem som ikke har hørt det. Jeg vil gjerne understreke det så sterkt jeg kan: Å være en kristen er det samme som å være med i hedningemisjonen. Hedningemisjonen er ikke noen få kristne sin sak, og så kan andre kristne arbeide for dem hjemme. Jeg skal betro deg en hemmelighet: Det er de som er mest tro i å bringe evangeliet til hedningene, som og er de som gjør mest for å bringe evangeliet til sitt eget folk, og omvendt: De som gjør mest for sitt eget folk, det er de som bringer evangeliet til hedningene. Dette er to sider av samme sak, og de ligger i selve kristenlivets art. Vi kan bruke et bilde for å illustrere dette: Gud

**Bladet Lov og Evangelium**

Bladet blir sendt til alle som sender eksp., namn og adr.

Bladet blir halde oppe av frivillige gaver.  
Eksp.: O. Dyrøy, 5620 Tørvikbygd.

Telofon (055) 58363

Alt som har med bladet sin eksp.  
blir sendt dit, som tinging, opppseiing  
og adresseforandring.

Gåver til bladet kan sendast kass. S. Bøhn  
postgiro 5 68 21 33.

Red. Amund Lid, post 5600 Norheimsund.  
Tlf. (055) 51 080.

**Norsk Luth. Lekmannsmisjon**

Form. Ragnar Opstad

Opstadv. 38, 4350 Nærø Telf. 04-433685.  
Kass. Sverre Bøhn, 5601 Norheimsund.

Postgiro 5 68 21 33. Bankgiro 3530.21.00932.

ØYSTESE TRYKKERI A/S

befalte menneskene å bli mangfoldige og oppfylle jorden. Det var et bud, ikke sant? det lyder som en nbefaling og er det også. Men når menneskene formerer seg på jorden tenker de ikke på denne befalingen, det er menneskets natur å formere seg, det er nedlagt i menneskenes vesen og den kan ikke stoppes, det hører med til alle å spre evangeliet.

Hva er det da som er så viktig i misjonsbefalingen? *Det er ordet derfor.* Når Jesus sier det på denne måten som han gjør her, da er det ikke først og fremst å pålegge disiplene å gå ut med evangeliet, det har han også pålagt dem før, men det er noe bestemt han vil si dem i forbindelse med å bringe evangeliet ut til menneskene. Gå *derfor ut*, sier han. Hvorfor? *Meg er gitt all makt i himmel og på jord.* Der har du selve budskapet i misjonsbefalingen, der

har du grunnlaget, der har du det som Jesus legger disiplene på hjerte, både den gang og oss i dag. Meg er gitt all makt i himmel og på jord!

Det er underlig å høre Guds Sønn si det. Guds ord sier at alt er skapt av ham og til ham, «alle ting er blitt til ved ham, og uten ham er ikke noe blitt til av alt som er blitt til». Og jeg må streke under at det er Ham *gitt*, han har fått det som menneske, når han hadde fullbvrdet frelsen har ham som menneske fått all makt i himmel og på jord.

Og du og jeg skal vite, at det menneske som er min og din stedfortreder, det menneske som bærer ansvaret for oss, det er *ham* som har all makt både i himmel og på jord. I tillit til ham er det at jeg og du går ut med evangeliet, og vi har det løfte over oss: Se, jeg er med dere alle dage inntil verdens ende. Nåde være med deg i Jesu navn. Amen.

Avskrift etter lydband fra den Lutherske timen i Norea Radio, med løyve fra Andersen og Norea, ved A. L.



## Brev til deg som er ung

Frå Olav Valen Sendstad

### Din bibel

I dag skal du ha nokre ord frå meg om *Bibelen din*.

Det er den merkelegaste boka i verda. Bibelen er vorten til gjennom ein tidfolk på nærare 1500 år — frå den tid Moses skreiv bøkene sine (på 1500 talet før Kristi tid) til apostelen Johannes skreiv Openberringsboka si (ikring 95 år etter Kristi tid). Men det underlege er at endå så mange ulike menn har gjeve sitt tilskot til Bibelen gjennom så mange hundre år, og endå han fortel om så utruleg mykje, så handlar heile Bibelen igrunnen berre om ein einaste ting: Guds frelsesopenberring Guds evige Son — Herren Jesus Kristus.

Det er ikkje så lett å sjå det. Dei fleste menneske les Bibelen med bind for augo. Paulus seier om dei vantruande jødane at «til denne dag ligg det eit sveip over hjarta deira når Moses vert lesen» (2. Kor. 3, 15). Og slik er det med dei vantruande utanom jødene og. Dei skjønar ikkje det dei les. Og når ein ikkje skjønar det, så vert ált i Bibelen bod på bod, lov opp og lov i mente.

Men, seier Paulus, når eit menneske vert omvend til Herren, då vert sveipet teke bort, og ein les og skjønar med «usveipt åsyn» og skodar gjennom Bibelen sitt ord inn i Guds eige hjarta. For når vi vert omvende til Herren Jesus, då verkar det slik på oss at vi i Bibelen fyrst og sist høyrer Jesus, merkar

oss Jesus, vert opptekne med Jesus. Så vert Jesus nykelen inn til skattkammera i Bibelen, og så vert han den store tråden og samanhengen som leier oss så vi finn veg gjennom heile denne labyrinten som heiter Bibelen.

Det serlaget ved Bibelen, at så mange skrifter frå så mange hundreår igrunnen berre handlar om det eine, Jesus Kristus, kjem seg av at Bibelen er inspirert. Skriftena er ikkje inspirert på den måten som ein diktar, musikar eller målar vert inspirert. Kunstnarane vert inspirerte på den måten at heile kjenslelivet deira vert teke og kjem i svingningar, så dei kan dikta, måla eller musisera som dei gjer.

Nei, profetane som skreiv Bibelen, vart inspirerte av *Guds heilage Ande*. Han kom over dei og inn i dei, og let dei vita kva *Gud* tenkte, kva *Gud* ville og kva *Gud* gjer. Og fordi nett Jesus er hjartepunkt og midtpunkt i alt det *Gud* er og vil, tenkjer og gjer, difor måtte Guds Ande serleg gjera profetane kjend med det som hadde å gjera med Guds Sons kome til jord, livet hans, lidinga, soningsdøden, oppstoda, herleggjeringa og etterkomma. Difor fortel Gamle Testamentet om Jesus i spådomar og førebilete, medan Nye Testamentet fortel om jordlivet hans og alle dei måtane Jesus oppfylte profetiane på.

Dersom vi tek til å leita etter Jesus i Bibelen, så syner det seg for alvor kva for ei merkeleg bok Bibelen er. Då greier du aldri å lesa han ut. Du veit korleis det kan vera med bøker: dei fleste les du

berre ein gong, ei retteleg god bok kan du lesa to gonger, og er ei bok framifrå, så kan det henda du les henne tre gonger. Men då kan du henne og.

Bibelen derimot er slik at du kan lesa han om att og om att, og alltid finna noko nytt i han. Endå om du har lese han så godt at du kan mange stykke utanboks, kan sei kapitel og vers der eit ord kan finnast, så vil du røyna gong på gong at dei velkjende orda stendig gjev deg noko nytt og meir. Du vert aldri ferdig med dei. Du får aldri lesa dei ut. Du kjem aldri til botns i den kjelda som heiter Bibelen.

Veit du kva det kjem av? Sjølv sagt kjem det av at desse orda er inspirerte av Guds Ande, og difor metta med guddomleg lys og sanning, visdom og råd frå Herren. Men det kjem og av noko anna, nemleg dette: når vi skjønar eit bibelsk ord rett i vår ånd, då vert slike ord små gluggar eller glas som du kan sjå gjennom frå jorda heilt inn i Guds Himmel og hjarta. Det var slik Gud ville Bibelen skulle verta glas som du såg inn i Guds hjarta og Himmel gjennom. Og når det tek til å skje noko med deg i Bibellesinga di, då har Guds Ande lært deg den rette lesemåten.

Det er og ein annan ting eg vil nemna for deg, når vi talar om Bibel-lesing.

Når Bibelen sin tale tek til å gå til ånd og hjarta, kan du sjå det av *verknaden*. For når han talar til ånda di, då verkar all Bibel-lesing eitt av to: *anten* kjenner du deg dømd, og fortapt når du les, *eller*

du kjenner deg trøysta, styrkt, glad, frimodig, viss, frelst og sæl. Det kjem av lova og evangeliet, av boda og lovnadene, av domen og nåden som vert openberra for oss gjennom Bibelen.

Difor gjev eg deg det råd når du les Bibelen: sei aldri nei i hjarta ditt kor hardt han klagar deg og kor strengt han dømer deg, bøy hjarta ditt og gjev hans tale rett. For då skal Guds Ande verka at det aldri kjem noko anna enn ja i hjarta ditt til Guds lovnader heller, så det kan vera ei sterk og glad tru i hjarta ditt på Gud som har teke imot deg. *Diskuter aldri med Gud, og prøv aldri å retta noko på Bibelen.* Då skal Bibelen koma til å retta på deg.

Alle dei falske menneskeånder og djevleånder her i verda kjennest i sin vondskap nett på det at dei skal vera herre og meister over Bibelen og retta på han. Men sanne Guds born og menneske vert vi berre når Bibelen får vera Bibel, og han får lov å retta på oss: retta på tankane våre, gjerningane våre,orda våre, trua vår, kjærleiken vår, vona vår.

Vil du ha den glede og det åndelege gagn av Bibelen din som Gud gjerne vil du skulle ha så les i Bibelen din jamt. Kan du finna ro til ei stund om morgonen, er det bra. Dersom du ikkje kan det, må du i alle høve finna ro om kvelden.

Les aldri snøgt når du les Bibelen. Tenk på dei einskilde ord du les, og prøv å laga deg eit bilet av og eit skjøn på samanhengen. Dersom dette er nonko du tykkjer du ikkje skjønar, så hopp førebels

over det. Les og tenk på det du skjønar, og lat livet ditt og trua di vera etter det. Då vil du sjå at det vert meir og meir du skjønar, og mindre du treng hoppa over.

Dei truande vart i eldre tider kalla «lesarar», fordi dei las så trottig i Bibelen. Veit du, eg for

min part ville gjerne ein skulle kalla meg «lesar», «lesarprest» o. likn. Dette er ein ærestitel for ein kristen å kallast «lesar» om han i sanning er ein Bibel-lesar. Lat dei difor gjerne kalla deg «lesar».

O. V.-S.

### **Vi vandrar i tro, ikke i beskuelse** (2. Kor. 5, 7.)

Det er selve hemmeligheten ved Kristi rike at det er et *troens rike*. Det er et rike som strir mot det naturlige menneskes fornuft, følelse, syn og tanke. Det er usynlig, underlig, hemmelighetsfullt. Den som ikke gir akt på det, ja om igjen og om igjen gir akt på det, kan aldri komme til å bli i troen.

Vi må gi akt på at *Kristi rike likner Kristus selv*. Bruden skal likne sin brudgom. Det er det sikreste kjennemerke på sann kristendom at vi kommer til å likne Kristus. Johannes sier: *Likesom han (Kristus) er, så er og vi i denne verden*. Men hvordan var Kristus i denne verden? Lærer ikke evangeliet oss at i ham var de største motsetninger forenet: den dypeste fornedrelse og den største opphøyelse, den største syndemengde (all verdens) og den største hellighet (hans egen), den største vanære og den største ære. «Han var foraktet og ikke mere å rekne blant mennesker, en mann full av piner og vel kjent med sykdom,» men han var også «avglansen av hans herlighet og avbildet av hans vesen». Han var alle tjeneres tjener, men også alle kongers konge og alle herrers herre. Han var den fattigste, men

også den rikeste. *Men likesom han er, så er og vi i denne verden*. Også hos de troende er de største motsetninger forenet: den dypeste fornedrelse (like til det å være en fordømt synder) og den største opphøyelse, høyhet og ære (like til det å være selve *Guds barn*), den største syndelendighet og den største rettferdighet og renhet, den største fattigdom og den sørste rikdom, den største svakhet og den største styrke. Det ene har vi i oss selv, det annet Kristus. Det ene er arvet fra *Adam*, det annet er arvet fra *Kristus*. Det ene kjennes i alle våre lemmer, merkes av alle våre sanser, det annet er dypt skjult for vår fornuft og for våre sanser og må *tros* alene på Guds sanndruthet — uten forsåvidt Kristus en og annen gang kommer oss i møte og lar oss, likesom Tomas, se og føle Guds herlighet.

Men det koster oss mer enn vi kan fatte, innen vi kan finne oss i denne blanding, denne motsetningen, og tro det som ikke føles, tro den skjulte nåde og rettferdighet, mens vi ser og føler det stikk mot-satte.

De, som har kristendommen bare som en vitenskap, et studium, de

kan denne künst dessverre altfor lett. Men når Guds rike hos et menneske er begynt å bestå ikke bare i ord, men i kraft, slik at han virkelig føler syndens brodd og virkelig tror sin rettferdighet i Kristus — å, hvor mye svakhet, urenhet, likegyldighet, og for en skrøpelig tro og for et mørke og en frykt får han ikke oppleve da! For en høy kunst, for en stor guddommelig nåde fra det høye kreves det ikke her for midt under slik elendighet å se og tro at Guds vennskap er uforandret, få se den skjulte rettferdighet, renhet og velbehag for Gud som vi eier i Kristus! — Helst da denne elendigheten i oss selv aldri opphører, men blir så langvarig, så uendelig, ja føles verre og verre! Hvem kan holde ut dette! Å, for en troens strid! For om jeg enn blir fri for en og annen utvortes synd, blir likevel min indre elendighet mer og mer utålelig og nedslående for meg; ja, jo nærmere jeg kommer nådestolen, desto dypere ser jeg at jeg er sunket i synd. Johannes sier: «Gud er lys og det er slett ikke noe mørke i ham!» Jo nærmere et menneske

kommer lyset, desto bedre ser han sin urenhet. Og til det kommer at Gud alltid trekker den følbare nåde tilbake i samme grad som troen vokser og tåler å prøves, eller også når sjelen trenger til å ydmykes dypere. Da føler den seg tørr, død, kald og svak; da oppstår en elendighet, en avmakt, en åndelig lammelse, et mørke og en mistrøstning, slik at det ser ut for sjelen som den er helt frafallen, død, forlatt av Gud og overgitt til et sinn som ikke duger. Å, for en hard strid! For en stor kunst nå å tro, nå å trenge igjennom dette tykke, sorte mørke, og midt under synden se rettferdigheten, midt under døden se livet, midt under følelsen av at Gud har forlatt en, se hans store trofasthet og kjærighet imot oss! Til det kreves at vi for alvor lukker øynene for alt vi ser og føler og bare ser hen til Guds ord — for alvor tror at det er ganske forbi med vår rettferdighet, og at Gud aldri et øyeblikk dømmer etter den, men bare ser på det hans Sønn har gjort. I ham *alene* står vi rene for Gud, benådet i *Den Elskede*.

C. O. Rosenius

## Fredsfyrsten og denne verda sin herre

Jesus sa ein gong til læresveinane sine: De skal få høyra tidende om ufred og strid, folk skal reisa seg imot folk og rike mot rike — og det skulle bli så hard ei naud at det aldri har vore så hard ei naud frå verda vart til og til nå. Matt. 24. kap.

Skal tru om ikkje disse orda nå blir oppfylte, at denne tida Jesus

talar om her er komen nær, for aldri før har vel menneskeøyra høyrt og auga sett så mykje tidende om strid, ufred, krig og vold, og naud som me gjer i dag. Høyr etter kva radio og fjernsyn ropar utover verda, og avisar og andre masse-media ropar ut, og om du ikkje er komen dit at du høyrer utan å håtta skulle det vera uråd å ikkje

skyna at tida er nær.

Folk anar nok at tida er nær, og fryktar atombomba, krigen og dei fylgjer som kjem med den. Og dei ropar om fred, demonstrerar og marsjerar for fred, utan at det hjelper det minste. Det står skrive, og er ei livslov på alle område, at *det eit menneske sår, det skal det og hausta*. Bibelen viser klart at når syndemålet er fullt, for den ein-skilde og for eit folk, så kjem domen og straffa. Den dagen hjelper ingen fredstraktat, eller ingen atomfri sone kan verna oss frå domen, døden og evig undergang. Les om Noa og vassflaumen, om Sodomas undergang og Jerusalems undergang, for å nemna nokre av Bibelens mange døme på det. Og Rom. 1,18 seier at Guds vreide vert openberra frå himmelen over all gudløysa og urettferd hjå menneske som held sanninga nede i urettferd.

Ein smågut spurde mor korleis krigen tok til. Mor prøvde svara så godt ho forsto, men far som hørde på var ikkje samd med mor, og kom med si eiga meining og forklaring. Då gjekk det som det alltid pleier, dei kom i ordstrid om korleis ein krig tek til, og blei nokså hissige kvar på si meinings. Då seier guten: takk, nå veit eg korleis ein krig tek til. Han fekk det demonstrert av mor og far. Og Jakob spør kvar all ufreden og striden mellom dykk kjem frå (Jak. 4,1.) Og han svarar: Er det ikkje av lystene dykkar, som strider i lemene dykkar? De lystar og hev ikkje; de slær i hel og ovundrast, de ligga i strid og ufred. Og Jesus

seier at all synd kjem innanfrå menneskehjarta, som er vondt frå fallets dag og trår etter det vonde.

Der har me årsaka til all strid og krig, i ekteskapet, heimen, samfunnet og nasjonar og rike imellom. Og bak det står djevelen, denne verda sin herre og hans åndsmakter. Djupast sett står striden mellom Gud som vil frelsa menneske på eine sida, og denne verda sin fyrste, djevelen, som er komen for å øyda, drepa og hindra Guds ypperste skapning frå å bli frelst.

Dei ugudlege, det vil seja dei som er utan Gud, utan Jesus og hans frelse, hev ingen fred, seier Herren (Esa. 48,22 og 57,21). Den som er utan Kristus, er utan Gud og utan von i verda, seier Guds ord i Efes. 2,12. Verda er av det vonde og ligg i det vonde, og ufred og krig vil fylgja den så lenge verda stend.

Vår einaste redning er at Gud har gitt og sendt oss ein freds-fyrste. Det var han englane song om på Betlehems marka: Sjå, eg forkynner dykk ei stor glede: Dykk er i dag ein frelsar født, han er Kristus Herren — æra vere Gud i det høgste og fred på jorda! Mange spottar og seier: Kvar er denne freden? Aldri har det vel vore så mykje strid og ufred som nå.

Jesus kom ikkje for å gi fred på den måten som verda tenkjer og forsøkjer å få fred på. Jesus seier sjølv i Johs. 14,27: *Fred etterlet eg dykk, min fred gjev eg dykk; eg gjev dykk ikkje fred på den måten som verda gjer det.*

Korleis søker verda fred? Aldri har me vel fått det demonstrert som i dag. Ved å vepna seg til ten-

nene og vinna over og avvepna fienden i krig, ved forhandlingar og fredstraktatar, ved demonstrasjoner og press på dei som styrer, og krav om atomfrie soner, ved å prøva vera nøytral og halda seg utanom konfliktane, og liknande tiltak menneske set si lit til. Trur du slike ting kan hindra krigen og domen over synda? Nei! så lenge menneske lever i synda slik me ser det i dag og dei fleste viser frå seg Guds ord, Guds frelse i Kristus Jesus, og dagleg krenkar Gud midt i åsynet ved å bryta Guds bod og ord, kan inga atomfri sone eller fredstraktat hindra straffa når syndemålet er fullt.

Jesus, fredsfyrsten kom for å frelsa oss frå synda og djevelens makt og fylgjer. Guds eigen Son kom til verda, inn i vår slekt som ein av oss, for å ta bort verda si synd. Han bar den på sin lekam opp på krossen, sona den ved sitt eige blod, og tok synda si løn som er døden, og vann oss ei evig utløysing. Det står i Efes. 2,14: *For han er vår fred*, han som gjorde både jøden og hedningen til eitt og braut ned gjerde som skilde millom Gud og oss, fiendskapen, då han ved sitt kjøt avlyste den lova som kom med bod og fyresegner, so han ved seg sjølv kunne skapa dei to — jøden og hedningen — til eitt nytt menneske, med di han gjorde fred, og forlika dei båe to med Gud ved krossen, då han på den slo fiendskapen ihel. *Jesus gjorde fred, og difor er han vår fred.*

Det står vidare at han kom og *forkynte fred*, for dykk som var langt borte og for dei som var nær.

Tidlegare hørde me: Min fred etterlet eg dykk, min fred gjev eg dykk. Det vil seja at han etterlet seg ordet og evangeliet om denne fredsfirste og frelsar, ordet om krossen, forliksordet, fyrst til sine tolv apostlar, og vidare til dei som seinare er kalla til å forkynna det til ytterste enden av jorda. Dei som trur og tek imot ordet, tek imot Jesus i tru, dei vert erklært rettferdige for Gud i Kristus Jesus. Apostelen seier at sidan me no er rettferdigjorde ved trua, har me fred med Gud, ved vår Herre Jesus Kristus, han som me og har fenge tilgjenge ved til den nåden me står i, og me rosar oss av Guds herleddom. (Rom. 5,1-2).

Kjem Jesus inn i syndarhjarta, blir det fred mellom deg og din Gud. Det blir slik sangaren syng: «Når synderen rett ser sin våde, I sjelen dypt besværet går, Og Jesus kommer med sin nåde Og legger den på hjertets sår, Da slukkes sorgen salig ut, Da blir det glede stor i Gud. Når Jesus kommer inn i huset, Og hans søte hilsens fred Har alle hjerter gjennemsuset Og senket seg i sjelen ned, Da blir det stille, lyst og mildt, Da enes etter hva er skildt. Når Jesus kommer inn i landet Og fanger folket med sin makt, Og hjerter fjernt og nær har sannet Hans ord, og gjort med ham sin pact, Da blir det lystelig å bo i Herrens fred og stille ro. Når Jesus kommer — kjært å sige, det blir det ganske annet liv —». (Sangb. 170).

Ja, der Jesus kjem inn i hjarta, i huset, i landet, der blir det fred og eit ganske anna liv. Ufred og

strid og krig trivst ikkje der fredsfyrsten bur. Så vil du ha fred i hjarta, fred i huset, og fred i landet, er det berre ein einaste som kan gi oss det — Jesus, fredsfyrsten som gjorde fred og er vår fred.

Vil du kjempa for fredens sak, så gjer du ikkje det på verda sin veg, men ved å sleppa Jesus og Guds ord og evangelium som han har overlate oss inn i hjarta ditt, ved å gjera ditt til at det kjem inn i heimen din, inn i skulen og i samfunnet elles. Den ugudlege vende seg frå sin veg og den urettferdige frå sine tankar og vende seg om til Herren, so skal han miskunna han, og til vår Gud, for han skal rikeleg forlata» (Esa. 55,7).

Om det fanst ti rettferdige i Sodoma, ville Gud spa byen for deira skuld, sa Herren til Abraham då han ba for byane Sodoma og Gomorra. Og om det finst mange nok rettferdige, det vil seia dei som er rettferdigjorde av Gud ved trua på Jesus og lever i samfunn med han, vil Gud også i dag høre deira bøner som ropar til Gud om frelse for land og folk, og spa dei for deira skuld. Ingen spurv fell til jorda utan Gud vil, og heller inga atombomba eller rakett utan Gud vil og tillet det.

Men fortset folket i synda, i hor og ulivnad, vold og bedrageri, å drepa 15000 barn årleg i mors liv, spotta og håna Guds ord, Guds frelse og evangelium, og viser det frå seg, fortset kampen for å rydda det ut or heim og skule og samfunn, kan inga atomfri sone eller fredstraktat redda vårt land og folk. Det er ei livslov at det menneske sår, det lyt dei og hausta.

«Lat oss halda urugeleg fast på å vedkjennast vona — for han er trufast som gav lovnaden . — For syndar me med vilje når me har lært å kjenna sanninga, då er det ikkje att meir noko offer for snynder, men berre ei øgjeleg gru for dom og ein logande brennhaug som skal eta opp dei motstridige. Når nokon har brote Mose lov (Guds lov), so dør han utan miskunn etter vitnemål frå to eller tre mann; kor mykje verre refsing trur de då den skal verta kjend verd som har trødt Guds Son under føter og vanvyrdt paktblodet, som han vart helga med, og svivyrdt nådens Ande! For me kjenner han som har sagt: Hemnen høyrer meg til, eg skal gjeva attergjeld, og etter: Herren skal døma sitt folk. Det er grueleg å falla i hendene på den levande Gud». (Hebr. 10,23-31).

Å, om du ikkje før enn på denne din dag kjende di gjestingstid, men i dag er det dult for augo dine, sa Jesus då han såg utover Jerusalem og sitt arme folk. I dag gjeld det vårt folk, i dag er det oss han seier det til. Ikkje mange folk har fenge ei slik besøkelsestid som vårt folk. Skal Guds vrede verta openberra frå himmelen yver all gudløysa og urettferd hjå menneske som held sanninga nede i urettferd? Eller skal det bli til ei ny nåde og besøkelses tid for vårt folk? Det er du med og avgjer, det må begynna med deg, anten du er ein av dei små og ubetydlege i samfunnet eller har din plass blant dei ansvarlege i regjering og Storting.

*Amund Lid*

## *Eg vil sjå blodet og gå dykk forbi* Av Ole Urkegjerde

Kjære lesar! Legg merke til desse ord. Kanskje du har levt i uvisse om di frelse. Bibelens klåre ord om frelse i Jesu blod og død, kan ikkje hjelpe deg fordi du ikkje har tenkt over kvar lammets blod skulle påstrykast og kven som skulle sjå blodet.

Høy no kjære urolige sjel. Legg merke til kvar blodet av påskelammet skulle strykast. Det var på utsida av døra. Dernest så ville Gud sjå blodet på ein stad der Israels folk ikkje kunne sjå det. For ingen israelitt kunne sitja inne ved bordet og så sjå blodet på utsida av døra.

Dernest les me at Herren ville sjå blodet på dørskiene. Det var lammets blod på utsida av døra som frelste dei den domsnatta. 2. Mos. 12, 13 og 23.

Denne blodmerka døra er ikkje eit bilet på ditt indre menneske og på ditt hjarta. Jesus seier i Joh. 10, 9: Eg er døri, den som gjeng inn gjennom meg skal verta berga. Jesus åleine er døra som me må gå inn gjennom til frelse. Og denne dør er det som er merka med blod. Det var på Golgata at Jesus vart oversprengd med sitt eige blod. Vårt påskelam er slakta. Me les i Rom. 3,25: «Honom (Jesus) synte Gud fram i hans blod som ein nådestol ved trua.»

Og den heilage Guds augo kvil-ler no på Jesus og det blod som der vart utrent for oss. Og det som er endå meir: Dette Kristi blod er og kome inn i den him-melske heilagdom, og Faderen ser alltid dette blod. Og han vil ikkje lenger koma våre synder i hug. Sjå Hebr. 10, 16-18.

Domsengelen som slo Egypten, gjekk ikkje inn i kvart hus i Isra-els leir for å sjå om dei som var derinne hadde gode kjensler eller om deira glede over frelsa var i orden. Nei, det var blodet av lam-met som var slakta som avgjorde alt.

Det er ikkje di tru, di visse, din fred, di glede eller di takk Her-ren fyrst og framst vil sjå. Det er Kristi dyre blod han ser no, og ved det er syndi og domen teken bort.

Kjære lesar! Er du enno i uvisse om di frelse? Sjå no du på Guds lovnad om Kristi blod: «Så hev me då brør i Jesu blod frimot å gå inn i heilagdomen.» Hebr. 10,19.

Herren har sagt me er rettfer-diggjorde ved hans blod. Me les i Rom. 5, 9: «Så mykje meir skal me no, då me er rettferdigjorde ved hans blod, ved han verta frelst frå vreiden.» Sjå og Ef. 2, 13: «Men no i Kristus Jesus er de som var langt borte, komne nær til ved Kris-ti blod.»

## Dere er jordens salt —

*Dere er jordens salt, men når saltet mister sin kraft, hva skal det så saltes med? Det duger ikke lenger til noe, uten til å kastes ut og tredes ned av menneskene. (Matt. 5,13).*

Tenk om alle gjenfødte kristne ville forstå og stanse opp for hvor farlig det er for dem, når kristendommen vinner bifall og får lov til å være i fred!

Da er det fare for at de skal dysses i sovn, synke ned i lunkenhet, skikke seg like med verden og miste sin åndelige kraft. En slik rolig og sovndyssende tid er det nettopp nå for mange kristne i vårt land. Og det er sørgetlig å se hvordan saltet der holder på å miste sin kraft.

En lager seg da selv en egen, bekvem, hyggelig og behagelig kristendom, som består i bestemte andaktsøvelser og pene menneskekjærlige gjerninger som verden kan like ogprise. Derimot bekymrer en seg mindre om hjertets gjenfødsel og sann helliggjørelse, det kommer en seg snart forbi.

Men hør hva Kristus sier: Dere er jordenes salt; men når saltet mister sin kraft, hva skal det så saltes med? Det duger ikke lenger til noe uten til å kastes ut og tredes ned av menneskene.

Når en kristen mister Åndens kraft og fasthet, fordi han legger vinn på å behage verden, slik at han ikke lenger er i stand til med ord og eksempel å straffe det onde og bekjenne Kristus, da duger han ikke lenger til noe, uten til å kastes ut og tredes ned av menneskene — han blir så føyelig og bøyelig overfor alle mennesker at han finner seg i alt; og om ikke annet så ved sin taushet, styrker han det syndige, ugodelige vesen som han burde straffe. Da har saltet mistet sin kraft og lyset er satt under skjeppen. Og hele årsaken er at en vil ha fred og vennskap med alle — nei, årsaken ligger kanskje ennå dypere; det er allerede en mangel ved selve nådelivet, ved syndserkjennelsen og trosforholdet til Frelseren. Hvis bare dette friskes opp, og Kristus blir mere kjær for deg, så blir Åndens nidkjærhet sterkere enn alle menneskers vennskap eller hat. *Ha salt i dere selv!* sier Herren; men ikke det opphissete sinns bittersalt. Det er bare tale om den nidkjærhet som springer ut av sann kjærlighet, den som bare Guds Ånd virker. Vær gjerne øm, mild og saktmodig i dine formaninger; vokt deg for grov og uviselig framferd, når det gjelder å røre ved så ømmeting som menneskets selverkjen-

nelse. Ja, befatt deg ikke med det, hvis ikke kjærighet og ydmykhet har et slikt herredømme i ditt hjerte at det kan merkes i hele ditt vesen. Men la heller ikke forsiktigheten og ydmykheten bli til en svak føyelighet og ettergivenhet som ikke foretar seg noe. En må ikke, for å unngå å såre menneskenes følelser og for å ha fred, la sine medmennesker fare til helvete uten så meget som et eneste ord for å advare dem! *Elsk din neste som deg selv!* Kjærigheten være uten skrømt! Ha avsky for det onde, hold fast ved det gode! Eders tale være alltid tekkelig, krydret med salt!

Men det er ikke bare med bekjennelsen og den ømme broderlige formaning vi skal vise kristendommens kraft og alvor; men også i all vår Ferd. En kristendom som ikke svir som salt i verdens øyne, men kan godkjennes av verden og prises som rimelig, den kristendom-

men mangler visselig salt, kraft og salvese fra det høye. Tenk på hva Jesus sier: *Ve dere, når alle mennesker taler vel om dere!* Det sier også apostelen: *Verdens vennskap er Guds fiendskap.* Å, stans og tenk på slike ord! De lar seg ikke kaste bort; det er Herrens ord! — Om du derimot bare leilighetsvis og i enkelte tilfeller vinner verdens pris, så er det noe annet, og det kan meget godt hende en kristen etter apostelens ord: «Ved ære og vanære, ved ondt rykte og godt rykte.» Men det at den egentlige retning i ditt vesen og hele din livsførsel blir godkjent av verden, det er noe som slett ikke stemmer med Kristus og hans apostlers ord og eksempel!

Tenk da alvorlig på dette, så at du ikke må løpe forgjeves! Årene iler, og døden kommer jo ofte så uventet; hvis da veien en går på ikke er den rette, så er det jo en ulykke over all beskrivelse.

C. O. Rosenius

### *Det levende håpet*

Der er håp også for deg, kven du så er, korleis du enn har stellt deg, og kor håplaust det ser ut for deg, sjølv om du ser inga råd med å makta dagen i dag og livet framfor deg. Og håpet er Jesus, *det levande håpet*, både her i livet og i døden, og for evigheten.

Han seier sjølv: Kom til meg, du som slit og har tungt å bera, hjå

meg skal du finna kvile for sjela! Han kan gi deg fred, for han gjorde fred på krossen, og difor er han vår fred, og forkynner fred for dei som var nær og for dei som var langt borte (Efes. 2. kap.). Jesus elskar alle, og vil ha alle, også deg!

Det ser me av hans kall og innbjoding i Bibelen, *som er Guds ord*. Gud står bak sitt ord, og det står

skrive at Gud har gjeve oss sitt ord og sin eid for at me ved to ubrigdelege ting som Gud umogeleg kunne svika skulle ha ei sterk trøyst, me som flydde til å gripa den vona som ventar, som me har som eit anker for sjela, som er trygt og fast for di det er forankra i Jesus som gjekk inn i himmelen som fyregangs mann for oss. (Sjå Hebr. 6. kap.)

At Jesus vil ha alle, det ser me av kallet hans, at han kallar alle. I likninga om kongesonens bryllaup sende han ut sveinane for å forkynna at alt er ferdigt, kom! Gå no ut på vegar og vegskil og bed til bryllaups *alle dei de finn*, og dei ba ihop både vonde og gode. (Matt. 22). Og i Luk. 14 seier han: Gå nå snøgt ut på gatene i byen, og før hit alle tiggjarar og kryplingar og blinde og halte, nøyd dei til å koma inn. Tenarane sa det er gjort, og der er ennå rom!

Der hører du, det er også rom for deg, og du kan koma slik som du er, utan gjerningar og utan å pussa deg opp. Alt det skal Jesus ordna med, og har alt gjort det for deg, og vil gjera det i deg om han får stiga inn i hjarta ditt.

Den som vil lyda hans ord og fylgja hans kall og stiga ut på ordet, han skal få erfara at læra er av Gud. Og eg vil vitna for deg med sangaren sine ord, som eg sjølv har erfare er sanne: «Slik som eg var, Kom eg til Gud og fann heim att til Far, Skuldig til døden for syndene mange, Bundet i lekkjer frå syndeveg lange. Å for eit under, han elsk til meg bar Slik som eg var! Slik som eg var! Då eg fekk

sleppa den byrda eg bar! Døra vart opna for syndaren store, Ja, det var nok det som Frelsaren gjorde. Barn fekk eg vera, og Gud var min Far, Slik som eg var. Slik som eg er, Herren i nåde til barnet sitt ser. Om synder og tvil, det er heile mi æra, Han er min Frelsar, og det vil han vera. Nåden er fri, og eg kviler meg der, Slik som eg er».

Me kan og ta med gudsorda frå 1. Korint. 1,26-ff: For sjå på dykker kall, brør: det var ikkje mange vise etter kjøtet som vart kalla, ikkje mange mektige, ikkje mange høgætta, men det som var dårleg i verda, det valde Gud ut så han kunne gjera dei vise til skammar, og det som er veikt i verda, det valde Gud seg ut, så han kunne gjera det sterke til skammar; og det som er lågt i verda og vanvyrdt, det valde Gud seg ut, det som ingen ting er, så han kunne gjera det til inkjes som er noko, så ikkje noko kjøt skal rosa seg for Gud.

Kvífor er det slik? Det er fordi menneskehjarta er stolt og gjerne vil gjera og vera noko for Gud, og Gud står dei stolte imot, men dei audmjuke gir han nåde.

Gud har sona verda si synd ved sitt blod, og lide domen og betalt skulda for alle menneske ved at han døydde for alle, så ingen treng bli i sin fortapte stilling, for Gud har opna ein veg til frelse for alle menneske: *Guds nådde i Kristus Jesus*. Ved forkynninga om Jesus som døydde på krossen for våre synder, fann Gud for godt å frelsa dei som trur. Dei vert rettferdigjorde — erklært for å vera rettferdig for Gud — ufortent ved trua

på Jesus, ved utløysinga i Kristus Jesus. Dette er dårskaps tale og ein støyt for alle eigenrettferdige og stolte menneske, som vil vera eller bli noko for Gud ved Gjerningar, og dei treng ingen nåde og ingen frelsar.

Dei derimot som gir Gud rett, erkjenner at eg er ein syndar som treng nåde og tilgjeving for å bli frelst, som t.d. røvaren på krossen, tollaren i templet og syndarinna i Simons hus, dei finn miskunn og får nåde av Gud, tilgjeving for alle sine synder, evig liv og sæla ved trua på Jesus, og går heim rettferridgjorde av Gud som tollaren og for å leva sæl som syndarinna.

Frelsas er Guds verk, og tilhører vår Gud og Lammet. Og når du er frelst av nåde, kan du berre takka og rosa Jesus for det. «Men Hans verk er det at de er I Kristus Jesus, som for oss har vorte visdom frå Gud og rettferd og helging og utløysing». Det var Jesus som blei alt dette for deg, og du kan berre rosa deg av Jesus, at du er hans og han er din, med alt han har gjort og er for deg.

Sjølv om livet ofte kan bli tungt, og du møter trengsel og prøvelse av mange slag, så har du fred med Gud og eit godt samvit ved trua på Jesus, og hjå han i ordet finn du kvile, og han vil vera di hjelp og trøyst i kva som kjem på.

Peter lovar og takkar Gud for han har gjenfødt oss til ei levande von ved Jesu Kristi oppstoda frå dei døde, til ein flekklaus og uvisneleg arv i himmelen. (1. Pet. brev 1. Kap.) Den arven er i den nye himmelen og på den nye jorda Johans-

nes fekk sjå, og som du kan lesa om i Openb. 21. og 22. kap.

Vend deg til Jesus med di synd og alt som du strevar med og som er tungt å bera! Hjå han finn du nåde og frelse, rettferd, fred og kvile i trua på det vitnemål Gud har vitna om Son sin: Og dette er vitnemålet at Gud har gjeve oss øeveleg liv, og dette livet er i Son hans. Den som har Sonen — det vil seja tar imot Sonen i trua på Ordet — han har øeveleg liv; den som ikkje har Guds Son, han har ikkje livet.

Amund Lid



## *Hva med bønnen i enerom?*

«Og han sa til dem: Kom nå dere med meg avsides til et øde sted og hvil dere litt ut!» (Mark. 6,31).

Dette er et ord som mange av oss kjenner godt til, likevel glemmer vi det så ofte — i praktisk handling. Det er så lett å kutte ut bønnestunden i ensomhet sammen med Jesus. Men jeg må innrømme at når dette fortrenget til fordel for all slags aktivitet, så merkes det både på ånd, sjel og legeme.

Jesus vet om våre behov. Han unner oss hvile. Han vil vi skal ha omsorg for hele mennesket. Må vi derfor bekjenne vår synd og våre forsømmelser på dette feltet, slik at vårt bønneliv og dermed våre liv kan bli fornyet.

H. C. H.

---

### *Barneandakten:*

## *En liten gutt som ble stjålet —*

For noen år siden ble en liten gutt stjålet fra foreldrene sine i London. De lette over alt, men både måneder og år gikk uten at gutten ble funnet. Til slutt sluttet også politiet å lete, og ingen trodde lenger at foreldrene kom til å få igjen gutten sin.

Det var bare moren som ikke kunne gi opp håpet. Hun var en kristen, og hun bad til Gud både dag og natt om at hun måtte få barnet sitt tilbake.

Flere år etterpå ble en gutt sendt opp gjennom en skorsteinspipe for å feie den. Dessverre gikk han feil og kom opp i en annen pipe. Da han skulle ned igjen, landet han i en stor kamin. Og da han kravlet ut, befant han seg i en fin stue. Han syntes alt han så, var så merkelig kjent. Det minnte ham om noe han hadde sett da han var liten.

Mens han stod der og undret seg, kom en dame inn i stuen. Det var hans mor. Gutten stod der, og han var både sotet og fæl, men moren kjente ham straks igjen. Tror du hun sendte ham på badet for å vaske seg før hun viste at kun kjente ham igjen? Nei, hun skyndte seg og la armene rundt ham og klemte ham inntil seg. For det var jo gutten hennes som var kommet tilbake.

---

Slik er det også med Gud. Han har skapt oss, og han ville så gjerne at vi skulle være hos ham hele livet. Og skulle vi komme bort fra Ham, så vil Han ta imot oss, samme hvor skitne og stygge vi er. Gud vil gjøre som denne moren. Han vil ta oss inntil seg og så skal vi få være hans barn. Det står noe i Bibelen om dette, hvordan Gud vil gjøre den ren som føler seg skitten som en skorsteinsfeier.

«Kom la oss gå i rette med hverandre, sier Herren. Om deres synder er som purpur, skal de bli hvite som sne, om de er røde som skarlaglen, skal de bli som den hvite ull.» Es. 1,18.

«Dagen» 1920

